



Bygdeutvikling

Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Dykkar ref.

Vår ref.
19/87-3 19/4084
Kåre Myklebust

Arkivkode:
K2 - K24

Dato:
15.03.2019

FORSKRIFT OM OPEN BRENNING OG BRENNING AV AVFALL I SMÅOMNAR - HØYRING

Suldal kommune har vedteke å starte opp ein prosess med å innføre lokal forskrift for open brenning og brenning av avfall i småomnar.

Miljøverndepartementet gav i delegeringsvedtak av 19.07.2001 kommunane myndigheit til å fastsette lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar. Kommunen vel sjølv om ein ønskjer å fastsette slik forskrift, men stadig fleire kommunar vel å innføre dette. Med bakgrunn i at Suldal brann og redning nå er gått inn i Haugaland brann og redning IKS er det komme ønskje frå det interkommunale selskapet om at slik forskrift vert innført.

Formålet med forskrifta er i all hovudsak å hindre unødvendig forureining og helseproblem i kommunen. Utan ei lokal forskrift har det vist seg vanskeleg og tidkrevjande å forvalte og behandle saker som har med open brenning og brenning av avfall i småomnar å gjere.

I utgangspunktet er all brenning av avfall ulovleg med mindre:

- det føreligg eit løyve frå SFT eller Fylkesmannen (forureiningsmyndigheita).
- forureininga frå forbrenninga kan sjåast på som "vanleg" forureining frå bustader, primærnæringar mv. Med "vanleg" forureining meinas for eksempel halmbrenning i jordbruket, flatebrenning i skogbruket, bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall og opptenning/brenning av avispapir i vedomn heime eller på hytta.
- det er vedtatt ei lokal forskrift som regulerer open brenning og brenning av avfall i småomnar. Med open brenning meinas all utandørs brenning og med småomnar meinas forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå SFT eller fylkesmannen eller er tillat i medhald av statlege forskrifter etter forureiningslova.

Ved å vedta forskrifta vil kommunen leggje forholda til rette på følgjande område:

- Forenkla informasjon til publikum om kva som er tillat å brenne.
- Få lokal medråderett på sentrale områder i forureiningslova. Dersom denne forskrifta ikkje vert vedtatt vil desse fortsatt liggje på sentral myndigheit.
- Gi kommunen myndigheit til å vedta dispensasjonar dersom dette skulle vera nødvendig.
- Einsarta tolking av lovverket. Kommunal myndigheit kan gi publikum svar på sentrale spørsmål i samband med brenning.
- Forenkla kommunal administrasjon på dette området.

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse
Garaneset

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.
52 79 24 24

Telefaks
52 70 24 05
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro

Org. nr.

- Forenkle oppfølging av brot på forureiningslova i samband med brenning av avfall.
- Leggje til rette for at brannvesenet kan drive nødvendige øvingar i tråd med rettleiinga som Direktoratet for Sikkerhet og Beredskap utgir.

Forskrifta som vert føreslått vedtatt for Suldal kommune er basert på ei rettleiing som er utarbeida av SFT og som er tilpassa lokale forhold i vår kommune.

Forslag til forskrift vert med dette sendt på høyring med frist for tilbakemeldingar innan **12.april 2019**. Dette vert og kunngjort på Suldal kommune sin heimeside og med annonse i Suldalsposten. Eventuelle innspel kan sendast til postmottak@suldal.kommune.no eller Suldal kommune, Eidsvegen 7 4230 Sand.

Med helsing

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Kåre Myklebust

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.